

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Vest RHF
Dato: 25.09.2009
Sakhandsamar: Ivar Eriksen
Saka gjeld: **Overordna risikovurdering per 2. tertial 2009**

Arkivsak
2007/610/016
Styresak 097/09 B

Styremøte 15.10. 2009

Bakgrunn:

I tråd med vedtekne retningslinjer for risikostyring i Helse Vest er det i tilknytning til utarbeiding av styringsdokumenta for 2009 definert nokre utvalde overordna styringsmål som skal følgjast særskilt opp gjennom året. Måla er felles for heile føretaksgruppa, men det enkelte helseføretak kan i tillegg definere egne verksemdspesifikke mål/høgrisiko område. Til kvart av måla skal det i den grad det er mogleg veljast ut 1-3 styringsvariablar/indikatorar som skal risikovurderast.

Følgjande mål/styringsvariablar er valde ut for særskild oppfølging i 2009:

Mål nr 1: Helse Vest skal levere eit rekneskapsmessig resultat i balanse i 2009.

Følgjande mål gjeld for det einskilde sjukehusføretak:

- Resultatkravet for Helse Stavanger er eit positivt resultat på kr 20 mill.
- Resultatkravet for Helse Bergen er eit positivt resultat på kr 25 mill.
- Resultatkravet for Helse Fonna er eit resultat i balanse.
- Resultatkravet for Helse Førde er eit negativt resultat på kr 40 mill.

Styringsvariablar:

1. Omstillingstiltaka skal ha tilstrekkeleg omfang i høve dei økonomiske utfordringane – og vere realiserbare.
2. Økonomirapporteringa må avdekke budsjettavvik tidsnok til å setje i verk kompensierende tiltak.
3. Rapporteringa knytt til netto månadsverk må vere innretta slik at ein fortløpande kan korrigere for avvik i høve til måltal.

Mål nr 2: Pasientar med rett til nødvendig helsehjelp skal ha tilgang til diagnostisering, behandling og omsorg på rett nivå til rett tid.

Styringsvariabel:

Det skal normalt ikkje vere fristbrot.

Mål nr 3: Pasientane skal oppleve ei samanhengande helseteneste på tvers av behandlingsnivå og avdelingar.

Styringsvariabel:

Det skal normalt ikkje vere korridorpatientar.

Mål nr 4: Pasientane skal sikrast eit likeverdig tilbod på tvers av diagnosegrupper, geografi og sosial status.

Styringsvariablar:

1. Dei nye nasjonale rettleiarane for prioritering utarbeidde i prosjektet "Riktigere prioritering" skal takast i bruk.
2. Det skal gjennomførast opplæring i samband med dette, og dette skal dokumenterast.

I tillegg har Helse Førde, Helse Bergen og Helse Fonna vald ut nokre verksemdspesifikke mål som også er risikovurdert. Desse går fram av vedlegg 2.

Alle helseføretaka gjennomførte grundige risikovurderingar av dei utvalde styringsmåla med styringsvariablar per 1. tertial i tråd med føresetnadene i styringsdokumenta. Det blei utarbeidd relativt omfattande og detaljerte rapportar som følgde mal gitt i retningslinjer for risikostyring i Helse Vest. Helseføretaka la rapportane fram for sine respektive styre og oversende dei til Helse Vest RHF. Rapportane er å forstå som arbeidsdokument og styringsverktøy for verksemdene i arbeidet med å identifisere og kartleggje risikoområde og sette inn tiltak for å redusere risiko. Med bakgrunn i det innsende materialet og ei tilsvarande risikovurdering gjort av Helse Vest RHF, blei styret i styremøtet 24. juni 2009 presentert eit overordna risikobilete per 1. tertial, jf. styresak 066/09 B.

Helseføretaka har i tråd med føresetnadene gjort ei tilsvarande risikovurdering per 2. tertial. Ved denne risikovurderinga har helseføretaka hatt eit særskilt fokus på mål/styringsvariablar som i 1. tertial blei vurderte å ha høg risiko (raud farge).

Kommentarar:

Sjølv om helseføretaka i regionen styrer etter dei same måla er det relativt store ulikskapar føretaka i mellom når det gjeld kva utfordringar dei har knytt til måloppnåing. Det er derfor store variasjonar i kva helseføretaka ser på som suksesskriterium og risiko. Helseføretaka har på dei utvalde områda som er risikovurdert, synleggjort fleire område med forbettringspotensiale, og det er i alle helseføretaka peika på tiltak, ansvar og oppfølging for måloppnåing.

Resultata frå risikovurderinga per 2. tertial blir presenterte i vedlegg 1 med markeringar i risikokart og skriftlege oppsummeringar. RHF-et si vurdering av desse måla/styringsvariablane for det einsskilde føretaket blir presenterte med RHF i matrisene. Der RHF-et har endra risikovurderinga frå 1. til 2. tertial blir dette illustrert med ei pil som viser endringa. Styresaka med vedlegg vil også bli nytta til rapportering til Helse- og omsorgsdepartementet i samsvar med krav til dette stilt i føretaksmøtet 27. januar 2009.

For dei særskilte måla til Apoteka Vest og Helse Vest IKT, jf. mål nr 2 for Apoteka Vest og mål nr 2 og 3 for Helse Vest IKT, har Helse Vest RHF ikkje gjennomført eigne risikovurderingar per 2. tertial. Dette er grunngeve i vurdering om at det for desse måla er knytt låg risiko til måloppnåing.

Samla sett er det totale risikobilete noko forbetra samanlikna med 1. tertial. Endringane er likevel ikkje store, men trendane er positive. Helse Vest RHF vil halde fram med å følgje opp risikobilete i den operasjonelle oppfølginga av helseføretaka, og vi vil framleis følgje gjennomføringa av tiltaksplanane og utviklinga i risikobilete utover hausten.

Som omtalt i styresak 066/09 B er etablering av risikostyring i føretaksgruppa eit utviklingsarbeid som blei starta opp hausten 2008. Erfaringane frå risikovurderingane per 1. og 2. tertial tydar på at det framleis er ein veg å gå for å sikre at ein legg til grunn ein felles metodisk tilnærming. På enkelte punkt ser ein framleis sprik mellom vurderingane i RHF-et og helseføretaka, og det er grunn til å sjå på om ulikskap i metodisk tilnærming kan vere ei medverkande årsak til dette.

Eit særleg moment er at det kan vere vanskeleg å følgje metodikken og sjå samanhengene frå vurderingane gjort i det regionale helseføretaket og ned i detaljane frå risikovurderingane gjort i helseføretaka. Det er også knytt usikkerheit med omsyn til å gjere samanlikningar mellom helseføretaka, og det er blitt reist spørsmål ved om kriteriesetta er for strenge og at ein for stor del av risikokartet er farga raudt.

Desse spørsmåla vil stå sentralt i vidareutviklinga av metodikken og dei vil bli sett særskilt på av den nettverksgruppa som er etablert på tvers av helseføretaka i regionen. I tråd med det som blei sagt ved behandlinga av retningslinjene for risikostyring i styremøte 4. februar 2009, sak 010/09 B, vil det bli gjort ei evaluering av retningslinjene i løpet av hausten 2009. Resultata av evalueringa og framlegg til endringar vil bli lagt fram for styret.

Forslag til vedtak:

1. Styret tek saka til etterretning.
2. Styresaka med vedlegg blir oversend Helse- og omsorgsdepartementet som del av rapporteringa for 2. tertial 2009.

Vedlegg:

1. Oversikt over overordna risikobilete
2. Oversikt over eigendefinerte mål i helseføretaka